

Høyring.

Dato for utsending: 07.10.2024.

Ny opplæringslov stiller krav om at kommunane vedtek forskrift om skulerute.

Forskrift om skulerute for Bømloskulen, Bømlo kommune, Vestland

Dato

Trår i kraft 09.12.2024

Gjeld for Bømlo kommune, Bømlo

Heimel LOV-2023-06-09-30-§14-1

Vert kunngjort 10.12.2024

Heimel: Vert fastsett av Bømlo kommunestyre 9. desember 2024 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-1.

§ 1. Formål og verkeområde

Bømlo kommunestyre fastset forskrift om ferie og fridagar for elevane i Bømloskulen. Forskrifta gjeld for alle dei kommunale grunnskulane i Bømlo kommune, med unntak av kommunen sitt vaksenopplæringstilbod.

§ 2. Skuleåret

Skuleåret for elevane er 190 dagar og skal strekkja seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker.

§ 3. Årleg skulerute

For kvart skuleår fastset kommunedirektøren ei skulerute. Den skal gi oversikt over elevane sine skuleferiar og andre skulefrie dagar i grunnskulen i Bømlo kommune, og dagar når skulefritidsordninga (SFO) er sommarstengt. Skuleruta skal publiserast på kommunen si nettside innan utgangen av desember året før. Skulane skal kvart år informera foreldra om skuleruta etter at den er vedteken for neste skuleår.

Skuleruta byggjer på desse grunnprinsippa:

- Skulestart er enten på ein måndag eller ein torsdag mellom 12. og 20. august
- Haustferien ligg i veke 41
- Vinterferien ligg som regel i veke 9, men vert lagt tidlegare når heile påskeferien er i mars
- Fredag etter Kristi himmelfartsdag skal vera fast fridag
- Siste skuledag skal vera mellom 17. og 23. juni
- Skuleruta skal så langt det er mogleg leggjast likt med Vestland fylkeskommune si skulerute for dei vidaregåande skulane i Sunnhordland grunna skuleskyss
- Planleggingsdagar i skule og SFO vert lagt på skulefrie dagar
- Ein elevfri planleggingsdag i januar vert lagt felles med kommunar i Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)
- Skuleruta skal vera tilpassa avviklinga av nasjonale prøvar og sentralt og lokalt gitt eksamen

§ 4. Fellesreglar og lokale unntak

- a. Skuleruta skal som hovudregel vera lik for alle grunnskulane i kommunen.
- b. Grunnskular kan gjera lokale endringar viss særlege grunnar talar for det. Dette må først godkjennast av samarbeidsutvalet (SU) ved den aktuelle skulen, etter at naboskular som inngår i den tiårige grunnskuleopplæringa for elevane og/eller deler skyss med skulen, er gitt moglegheit til uttale. Saka skal sendast til fagstab oppvekst for vurdering, og endeleg godkjenning hos kommunedirektøren.
- c. Lokale endringar etter bokstav b skal publiserast på skulen og kommunen sine nettsider samt sendast som informasjon til heimane innan rimeleg tid.

§ 6. Iverksetjing

Forskrifta trår i kraft 09.12.2024, med verknad frå skuleåret 2025–2026.